



Vegleiar for samtale med leiar om funksjonen som ressursjukepleiar

Ressursjukepleiaren sine oppgåver og ansvar saman med leiar

1. Klinisk arbeid på arbeidsplassen

Kva forventningar har leiar til ressursjukepleiaren?
Kva forventningar har ressursjukepleiaren til funksjonen som ressursjukepleiar?

Har ressursjukepleiaren oversikt over aktuelle pasientar i eiga avdeling/sone?
Dersom ikkje, er det eit ynskje og mogleg å få det til?

Vert rolla som ressursjukepleiar brukt til å gje råd og vegleiing til kollegaer - og til å ta
initiativ til og utveksle erfaringar og evt. refleksjon med kollegaer?
Vert det sett av tid til dette? Evt. korleis vert det praktisert?

I kva grad har leiar og ressursjukepleiar fått utarbeidd gode rutinar for oppfølging og
pleie av kreftpasientar og pasientar som treng lindrande behandling?
(Flytskjema/sjekklistar)

Korleis er rutinen for bruk av ESAS-r hjå pasientar som får lindrande behandling,
og korleis fungerer den?

Korleis er rutine for bruk av individuell plan til palliative pasientar, og fungerer den?
Dersom rutine manglar, er det ynskje om ein rutine og er det høve til å få dette til?

Har vi gode rutinar for oppfølging av pårørande, og også barn som pårørande på
arbeidsplassen?



2. Samhandling og systemarbeid

Har avdelinga/sona rutinar for samarbeid og samhandling som sikrar pasienten kontinuitet og samanheng i behandlingstilbodet?
Korleis kan ressursssjukepleiaren bidra til samhandling?
(Døme på samarbeidspartar: kreftkoordinator, fagsjukepleiar, fysioterapeut, ergoterapeut, lege, prest, sosionom, psykiatrisk sjukepleiar, fagutviklingssjukepleiar)

Har ressursssjukepleiar og leiar oversikt over tilbod innan kreftomsorg og lindrande behandling? Korleis kan ein evt. få det til?

Blir ressursssjukepleiaren brukt som kontaktperson for palliativt team? Eller andre tverrfaglege instansar?

3. Kompetanseheving

Er det aktuelt for ressursssjukepleiaren å utvikla kompetansen sin innan kreftomsorg og lindrande behandling ut over det å delta i nettverket og følge kompetanseplanen? Korleis vert det evt. gjort?

Bidreg ressursssjukepleiaren med internundervisning innan kreftomsorg og lindrande behandling? Vert kunnskap etter samlingane vidareformidla? Korleis kan leiar legge til rette for vidareformidling?

Deltekk ressursssjukepleiaren på lokale møter i nettverket og på årleg fagdag? Korleis kan ressursssjukepleiaren i lag med leiar sin sikre at det vert gjennomført? Blir det gjeve melding til leiar i god tid før planlagde møter i nettverket?

Har ressursssjukepleiaren fokus på satsingsområdet som vert teke opp på lokalgruppesamlingane? Korleis kan ressursssjukepleiaren i lag med leiar sikra at det vert gjennomført?

Kva oppgåver skal ressursssjukepleiaren prioritere det kommande året/halvåret? Er det behov for ny samtale for oppfølging/evaluering etter 6 månader?

Evt.